



## Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 05.12.2016

**Til stades:** Tellef Solås, Adle Helen Tveiten Øya, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref).  
Fotballgruppa v. Anne Brennemo, handballgruppa v. Ingvild Øverland, skigruppa v. Gunhild Tveiten, sykkelgruppa v. Henk Stel, A-laget v/ Øyvind Oland og ridegruppa v/Sandra Ryen.

**Fråfall:** Friidrettsgruppa.

### Sak 70 /16 Gjennomgang av referat frå styremøte 07.11.2016

Referat gjennomgått og godkjent

### Sak 71/16 Nytt rekneskapssystem (Visma eAccounting) for Seljord IL med forslag til ny kontoplan og forslag til nye kostnadsbererar

Tellef går kjapt igjennom korleis dette ser ut, opplæring av brukarane ettervert.  
Skal tas i bruk når det er integrert med banken.

### Sak 72/16 Status årshjul

Sak 30. Brev til valnemnda om kven som er på val – Tellef ordnar dette.

Sak 31. Årsmelding frå undergruppene –ha klart til møtet 19.12.16

Sak 32. Handlingsplan, neste år, frå undergruppene – ha klart min. 3 saker til møtet 19.12.16

### Sak 73/16 6 Rapport frå undergruppene med gjennomgang av handlingsplan og økonomistatus

#### **Hovudstyret:**

Sak 2, Fotballhall: ventar på eit kostnadsoverslag på eit langhus frå Gunleik Mæland.

Sak 6, KlubbAdmin: full satsing på dette på nyåret, blir opplæring då.

**Økonomi:** SIL har p.t. ein del lån, men med overskotet frå fjoråret, overskot frå Dyrsku'n og det ein får av tilskot og refusjon av moms, så har vi kontroll på økonomien, sjølv om det blir eit underskot i 2016, då vi utgiftsfører 1,6 mill.kr. på anlegget på Eventyrøy.

#### **Fotballgruppa:**

Det har vore stiftelsesmøte i Prosjekt Vest-Telemark, der det har blitt gjort om på organiseringa. Fyresdal er nå også med i PVT, dvs at det er totalt 8 klubbar, noko som fører til ein reduksjon i kostnadane for dei enkelte klubbane.

Fotballgruppa er i gang med å sette opp årshjulet.

Dei har fått ein kioskansvarleg for neste sesong.

Jobbar med å rekruttere trenarar og oppmenn.

Elles har det vore stille, dei fleste lag har hatt pause, men startar opp att ila dei neste vekene.

Mange spelarar på A-laget, mulig det blir eit 11'er, B-lag også, (7 div).

Når det gjeld damelag er det mogeleg det blir meldt på eit 7'er, eller 11'er lag i serien.

Det har vore bra rekruttering.

G14 og G16 er med i vinterserie.

**Økonomi:** Ok.

#### **Håndballgruppa:**

Er i full gang med serien, har eit J-12 lag i serien, eit J-10 som spelar turneringar. J-8 og G-8 trenar for det meste, men skal på ei turnering nå før jol. Har eit halvt J-14 lag.

**Økonomistatus:** ok.



### **Skigruppa:**

Bra aktivitet, ventar på snoen så dei kan trene ute.

Nye skidressar kjem før jol.

Har fått eit tilbod på snøscooter.

Jobbar med heishus, garasje og varmestoge i Raudkleiv.

Dag Vidar Noraberg tek for tida driftsledar kurs (mtp heiskjøring), han blir ansvarleg for drift av heisen. Kan lære opp andre når han har gjennomgått og bestått kurset. Dei har mellom 10 og 15 foreldre som har sagt seg interesserte i å vere med å køyre heisen.

Planer om skirenn.

Ny gapahuk har kome opp.

Når det gjeld vatn, så skal Gunhild sende inn vatnprøve, har fått utstyr til dette.

Kjem med spørsmål om ev støtte frå hovudlaget til dei ungane som reiser på NM i ski og skiskyting. Dette må dei sette opp eit budsjett på og komme med ein søknad til hovudstyret.

Økonomi: Ok.

### **Ridegruppa:**

Planlegg stevne til våren på Århus.

Har mange gode rytterar og mykje aktivitet.

Har bestilt meir hindermateriell, treng dette når dei skal ha stevne.

Skal ha årsmøte i februar.

Har eit godt samarbeid med ridesenteret.

Jobbar elles med rekruttering.

Økonomi: Godt resultat.

### **Friidrettsgruppa:**

Har hatt eit møte i Raudkleiv Upp , løpet blir 10.06.2017.

Økonomi: Fått tilskudd frå Sparebank Stiftinga på kr 15.000,- og frå VTK på 5000,- for 2016.

### **Sykkelgruppa:**

Skal ha årsmøte 20.12.2016.

Budsjett er satt for neste år.

### **Sak 74/16 Tiltak- og planleggingsmøte 2017 for styret i Seljord IL inkl. alle medlemmene i styra i undergruppene måndag 19.desember**

Kvar undergruppe må ha minst 3 tiltak som dei ønsker å prioritere i 2017, i tillegg forslag til budsjett og årsmelding må vere klart til dette møtet.